



Rektor Vidar Haugland vart russ att – frå Fyllingsdalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**29. februar 2008 var ein spesiell dag fordi det var skotårsdagen. Men enda meir spesiell vart den i Uskedalen der den vil bli hugsa som den store karnevaldagen. Det starta med dei minste barna og slutta med dei største og det vart lagt for dagen ein reint ut sagt utruleg kreativitet. Med dei største meiner vi dei vaksne, som vart som barn att!**



Camilla Ripel (3) og Hanna Tvilde (5) boltrar seg i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Barnehagen i Uskedalen Oppvekstsenter starta løyene, men dei inviterte generøst gardsbarnehagen, som stilte opp med 14 ungar og fem vaksne etter å ha toga ned frå Dønhaug.

Det vart eit myldrande liv i Aktivitetshuset. Barnehagen plar ha ein solfest kvart år men denne gongen fekk den ein ekstra dimensjon med karnevalet. Etterpå var det pølseserivering for både den "gamle" og den nye barnehagen.



Nina Rød Eidsvik med Adrian (4).



Karnevalstoget på tur nedover Sandavegen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Neste akt i karnevalsløyene var det skulen som hadde og opptog gjennom sentrum (oppover til bensinstasjonen og nedover til Grana) vart ein suksess fordi arrangøren hadde ei gunstig avtale med vergudane!



Dønhaug Gardsbarnehage var invitert med på karnevalsløyene. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Med omsyn til kostymane hadde kreativiteten vore grenselaus og med premiering hadde dei vaksne stilt sterkt i konkurransen: Vi tenkjer ikkje minst på lærar Odd Steinar Arnesen som var utkledd som ku eller kanskje heller som cand. jur., rektor Vidar Haugland som var raudruss att – til og med frå Fyllingsdalen – og lærar Åse Neset som parodierte ein viss lokalreportar.

Ellers såg vi mellom andre klovnar, sommerfuglar, cowboyar, heksar, kokkar, froskemenn, fangar og soldatar i fullt feltutstyr – eller ein miks av alt mogeleg.

Det var sambadans og ballongleikar før alle fekk solbollar og gulbrus.

På veggane skein pappsola.

Og dei som stod for programmet denne dagen fortener ros. Den store karnevaldagen var ein varm og sommarleg injeksjon i det vinterlege blautveret.

Av Ola Matti Mathisen





Hanne Saghaug Kroka med Johan (3).